
Arkivsak-dok. 22/00668-1
Saksbehandler Johan Kenneth Mogstad Åsenklint

Saksgang	Møtedato
Hovudutval for miljø, areal og teknikk	25.05.2022

Saksframlegg

Øyabrua i Todalen

Kommunedirektørens innstilling:

Øyabrua i Todalen blir ikkje erstatta av ny bru.

Saksopplysninger

Denne saken gjelder

Øyabrua i Todalen – Riving av eksisterande og eventuell bygging av ny bru

Denne saken var oppe til behandling i TMN 20.12.17.

Frå dette saksframlegget har vi henta:

«Som vegeigar har kommunen eit ansvar for alle «byggverk» på vegen. Om konstruksjonane er dårleg vedlikehalde, har skader og/eller feil som kan utgjera ein fare, vil dette kunne ramme den ansvarlege.

Heilt sida 2007 har kommunen utført kontroll av sine bruer. Til å utføre dette arbeidet har vi leigd konsulentfirmaet Safe Control, som har spesialisert seg på denne typen arbeid. Kontrollane blir utført iht. Statens Vegvesen sine handbøker (R411 – V441). Inspeksjonane som utføres er årlege enkeltinspeksjonar og hovudinspeksjon kvart 5. år. I tilfelle det blir oppdaga store feil eller manglar ved konstruksjonane, kan det utførast ein spesialinspeksjon.

Målet med desse inspeksjonane er å sjå til at konstruksjonane ikkje fører med seg risiko mht bæreevne og trafikktryggleik, og at vegeigar har oversikt over tilstand på bruene for å kunne sette i verk nødvendige tiltak mht å oppfylle gjeldande krav.

I november i 2017 vart det utført ein hovudinspeksjon. Etter inspeksjonen hadde vi eit møte med konsulenten vedr. tilstanden på fleire av våre bruer. Når det gjeld Øyabrua, eller Pilskarvegen bru som den bli nemnt i rapporten, er denne no i ein slik tilstand at det ikkje er tilrådeleg å sette tyngre trafikk på den. Her er utdrag av rapporten:

Brua er i svært dårlig forfatning, og det ble i møte med kommunen vurdert å nedklassifisere til gangbru med fysisk sperre for kjøretøy. - Det er flere elementer som har behov for vedlikehold og utbedringer. Landkar akse 5-6 har kraftig forvitring og brudd i vinge og bakvegg. Betydelig korrosjon på hovedbjelker med noe tverrsnittreduksjon ved lageravsatser, dette vil få betydning for bæreevne dersom tiltak uteblir. Rengjøring av lageravsatser akse 1-1 og 5-5, samt fjerning av begroing i fylling og i landkar savnes. Lageropplegg akse 5-5 er ikke tilfredsstillende. Føringskant i slitelag har brudd, og bør utbedres. Fugeplate mangler i akse 1-1 og 5-5. Det anbefales spesialinspeksjon for å fremsette en rehabiliteringsplan for brua.

Av omsyn til trafikktryggleiken vart det administrativt bestemt, i medhald av vegtrafikklova § 7 andre ledd, at brua måtte stengast for kjøretøy. Dette i påvente av ei endeleg avklaring av kva som skal gjerast.

Ein skal nemne at brua har vært i ei svært dårleg forfatning i lang tid. Derfor har og brua, for lang tid tilbake, vore skilta med ei totalvektgrense på 4 tonn.

Før ein tek ei endeleg avklaring av kva som skal gjerast, vil rådmannen tilrå at det blir bestilt ein spesialinspeksjon.

Følgjande tilråding frå rådmannen vart vedteke:

- I medhald av vegtrafikklova §7 andre ledd, bli Øyabrua midlertidig stengt for kjøretøy, i påvente av ei endeleg avklaring av kva som skal gjerast.
- Det blir bestilt spesialinspeksjon for å avklare skadeomfang, forslag til tiltak og kostnader for dette.
- Brua vil fortsatt vere open for fotgjengarar / syklistar – og kommunen vil sørge for brøyting av brua til slik bruk.

21.03.2018 var det ny behandling i TMN.

Følgjande er henta frå den behandlinga:

«I veglova §1a står det at «det er ei overordna målsetting for vegstyresmaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken.....» . For å tilfredsstillende lovkravet er det utarbeidd vegnormaler som er godkjent og som skal følges.

For bruer er det Statens Vegvesen sine handbøker (R411 – V441) som blir nytta i samband med inspeksjon og kartlegging. Inspeksjonane som utføres er årlege enkeltinspeksjonar og hovudinspeksjon kvart 5. år.

Med tanke på spesialinspeksjon (vedteke i TMN 20.12.17) har kommunen kontakta Safe Control. Konklusjonen etter denne konsultasjonen er at dei ikkje vil anbefale spesialinspeksjon da resultatet, etter deira meining, er gjeve og at dette er unødvendige økonomiske ressursar å bruke. Brua er i så dårleg forfatning at einaste løysing er å rive eksisterande konstruksjonar og bygge nytt.

For å underbygge denne konklusjonen har saksbehandlar bede Safe Control om noko meir utfyllande informasjon ang. tilstanden. Utdrag frå vedlagt notat frå Safe Control:

Det er etter vår vurdering så omfattende skader og mangler på de fleste elementer at en rehabilitering ikke vil være økonomisk hensiktsmessig. En rehabilitering med formål å gjøre brua tilstrekkelig sikker både med tanke på bæreevne og trafiksikkerhet, vil være svært kostbar. Vi har derfor konkludert med at ny bru er mest fornuftig.

I februar 2004 vart deler av Øyabrua teke av isgang i elva. Ca. halvparten av brukonstruksjonen vart øydelagt og bygd opp igjen bl.a. med ei ekstra understøtting av betong.

Bilde frå 2004:



Kostnadoverslag for ei ny bru er berekna til kr. 5.757.500 inkl. mv.a. (sjå vedlagt kostnadsestimat frå Safe Control). I tillegg kjem detaljprosjektering og utarbeiding av konkurransegrunnlag samt evt. grunnundersøkingar. Totale kostnader vil da komme opp i 6 - 6,5 mill. kr.

Kostnadsestimatet er basert på bygging av ei elementbru (Super I 780), med to spenn (kvar på ca. 20 meter) og for aksellast 10 tonn. Om ein skal gå ned på aksellast-krav til berre å kunne tåle t.d. 4 tonn (personbil), vil ikkje dette redusere kostnadane vesentleg og er ikkje å anbefale viss ein først skal bygge nytt.»

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i budsjettmøtet 16.12.2021:

«Øyabrua mv. Det lages en politisk sak som omhandler status på Øyabrua, mfl. bruer i Todalen som går over elva Toåa i nedre del av Todalen. I prosessen vil det være naturlig å ta kontakt med aktuelle faginstanser i Møre og Romsdal Fylke for innspill på de kartlegginger de har gjort. Saken legges fram for politisk behandling i april/mai 2022.»

Vi har vore i kontakt med Safe Control for å få oppdaterte kostnader for ei ny bru.

Kostnadsoverslag for ei ny bru er berekna til kr. 14.752.500 inkl. mv.a. (sjå vedlagt kostnadsestimat frå Safe Control). I tillegg kjem detaljprosjektering og utarbeiding av konkurransegrunnlag samt evt. grunnundersøkingar.

Kostnadsestimatet er basert på bygging av ei bru med prefabrikkerte brubjelker, med to spenn (kvar på ca. 18 meter, køyrefelt føringsbredde 4 meter) og for aksellast 10 tonn.

Dei skriv følgjande i ein e-post til ikommunen:

«Vedlagt estimat for ny bru kjørebru ved bruk av nye standardiserte NTB brubjelker. Estimaten er betydelig høgere enn i 2018. Vi har nå erfaring som tilsier at estimaten i 2018 antakelig var noe lavt og mengdene noe lave slik vi nå vurderer det, men hovedårsaken er den enorme prisstigningen siste årene og spesielt siste halvåret.

Hvis man skal bygge en billigere GS bru må man ned på en løsning man ikke kan kjøre over, ellers er kostnaden så å si det samme.

Riving av brua inkludert usikkerhet og rigg & drift er beregnet til ca. 600.000 inkl.mva.

Ett alternativ her er kanskje å rive alt eksisterende bortsett fra betongpilaren som er etablert i 2004, for så å etablere en ny stålbelebrue med tredekke og en ny betongpilar. Man vil da også antakelig kunne løsmassefundamentere, altså slippe peler. Dette krever mer utredning og man bør da ta opp igjen ett forprosjekt/spesialinspeksjon. Bakdelen med en slik løsning er levetiden og kostnader med vedlikehold sett i ett lengre perspektiv. Men trafikken på brua er jo såpass lav at dette kanskje kan være ett bra alternativ. Da sparer man mye CO2 og får en lavere pris. Gjorde også et raskt estimat for dette som ligger vedlagt, ca. 3,4mill kroner billigere.»

Nedanfor er kart over området – der alle bruene er merka med svart:



Avstandar:

Øyabrua – Brusetbrua	1,3 km
Brusetbrua – Øyabrua (om Hala)	1,0 km
Øyabrua – Halsetbrua (om Ørsalen)	1,4 km
Øyabrua – Halsetbrua (om Husby)	2,6 km

Vurdering








Kommunedirektøren meiner vi fortsatt har to val – anten ny bru eller ikkje. Det er ikkje eit reelt alternativ å reparere/ rehabiliter eksisterande brukonstruksjon da skadene er for omfattande på brua. Safe Control meiner at brua er i ein slik tilstand at den kan utgjere ein risiko og at den av den grunn bør vurderast stenging / riving.

Kostnadene for ei ny kjørebru er av ein slik størrelsesorden at det ikkje kan forsvarast ut i frå ei kost – nyttevurdering. Det gjeld både alternativet med NTB brubjelker (betongelementer) og stålbjelkebru. Det er allereie to bruer over elva Toåa og avstanden mellom dei er ikkje større enn at desse to bruane skal dekke opp behovet, sjølv om kommunedirektøren har forståing for at det vil vere noko meir tungvint.

Spørsmålet har vore reist om det kan vere av interesse å sjå på ei ny bruløysing saman med fylkeskommunen. Vi har vore i kontakt med dei for å få ei vurdering av korleis dei vurderer sine to bruer i Todalen, da spesielt med tanke på brua på Bruset. Etter inspeksjon av denne brua er det oppdaga noko erosjon på oppsida av midtre pilar. For å få utbetra dette er det snakk om ein kostnad rundt rekna ein 4-500 000. Når dette er gjort vil fylkeskommunen ha to bruer i Todalen som godt tilfredsstillar krava deira. Det er derfor ikkje aktuelt for dei å gå saman med kommunen for å vurdere ei eventuell løysing på eit brualternativ saman med kommunen.

Vurdering av effekt opp i mot FN sine 17 bærekraftsmål

Saksbehandlar sett kryss framfor dei bærekraftmåla som ein vurderer at saka / tiltaket vil kunne ha ein effekt på:

-  Mål 1
Utrydde fattigdom
-  Mål 2
Utrydde sult
-  Mål 3
God helse
-  Mål 4
God utdanning
-  Mål 5
Likestilling mellom kjønnene
-  Mål 6
Rent vann og gode sanitærforhold
-  Mål 7
Ren energi for alle

<input type="checkbox"/>		Mål 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst
<input checked="" type="checkbox"/>		Mål 9 Innovasjon og infrastruktur
<input type="checkbox"/>		Mål 10 Mindre ulikhet
<input type="checkbox"/>		Mål 11 Bærekraftige byer og samfunn
<input type="checkbox"/>		Mål 12 Ansvarlig forbruk og produksjon
<input type="checkbox"/>		Mål 13 Stoppe klimaendringene
<input type="checkbox"/>		Mål 14 Liv under vann
<input type="checkbox"/>		Mål 15 Liv på land
<input type="checkbox"/>		Mål 16 Fred og rettferdighet
<input type="checkbox"/>		Mål 17 Samarbeid for å nå målene

Vedlegg

1. Skaderapport Øyabua
2. Skadetyper
3. Skadeårsak
4. Kostnadsoverslag ny Øya bru, NTB 1200
5. Kostnadsoverslag ny Øya bru, stålbejelkebru med tredekke